

# **Røldal grunneigarlag**

Tilleggskommentar / innspel til sak med NVE referanse 202412819

Til

NVE v/Silvia Gundersen Kristiansen <[silk@nve.no](mailto:silk@nve.no)>

**Flaumoverløp for Valdalsmagasinet og tappearangement for minstevassføring.**

**Manøvreringsreglementet for heile vassdraget må samordnast og ha innebygd nødvendig restriksjon for å kunna hindra skadeflaum.**

**Planlagt arbeid i Valdalen må samordnast med miljøtiltak i pågående vilkårsrevisjon, mellom anna fordi det vil bli stilt krav om minstevassføring i alle regulerte elvar. Det er svært uheldig om det no blir sett igang arbeid som ikkje er koordinert med vilkårsrevisjonen. Vi har alt påpeika dette i innsendt høyringsvar til arbeidet med Valdalsdammen.**

Basert på erfaring frå tidlegare flaumar veit vi at Hydro ikkje vil prioritera å reservera nødvendig magasinkapasitet til flaumdemping.

Under flaumen i 2018 informerte Hydro oss om at dei agerte slik dei skulle, og at dei ville hatt eit reelt økonomisk tap dersom dei skulle ha tappa ned i magasina eller halde eit litt lågare nivå i forkant av flaumen.

Så medan kraftselskapa i nærleiken (som Saudefaldene og Statkraft) tappa frå sine magasin, i forkant av ein flaum som alle forsto snart ville koma, gjorde Hydro lite og ingen ting.

Sjå vedlagt rapport frå Hydro,  
på side 11 opplyser dei at dei ville ha tapt mellom 15 og 20 MNOK ved førehandstapping.

**Flaumsikring er i stor grad avhengig av korleis anlegget blir manøvrert.**

Auka flaumkapasitet i Valdalen vil dermed medføra redusert demping av ein flaum dersom Hydro sin driftsfilosofi skal styra fyllingsgraden av magasinet om hausten.

Dermed vil ein flaum koma raskare med større vassføring enn før dersom den auka flaumkapasiteten blir nytta først når flaumen alt er i gang.

Sjølv om situasjonen vil bli tryggare for sjølve damkonstruksjonen vil flaumkonsekvensen i vassdraget kunna bli forverra.

Sikring mot skadeflaum må vera integrert i manøvreringsreglementet med spesifiserte krav til nødvendig demping i magasina.

Det må stillast krav til når og korleis ny tappeluke i flaumoverløpet i Valdalen skal brukast.

**Fare for Sivil infrastruktur:**

Storelva frå Valdalen kryssar i tunell under Haukelivegen (E134) ved Hølen (like ved det gamle ysteriet), Ved flaum kan heile vegbanen bli spylt vekk.

Under flaumen i 2018 var det ikkje meir kapasitet å gå på her.

# **Røldal grunneigarlag**

## **Tilleggskommentar / innspel til sak med NVE referanse 202412819**

### **Bru over Storelva i Røldalsbygda**

Brua vil vera utsett for skade om det oppstår større flaum enn den i 2018

### **Røldalsvatnet vil få høgt nivå langt over normalt ved flaum.**

Dette medfører vatn innover flatane i bygda, skade på private eigedomar og infrastruktur, vatn i kjellarar, problem for Rødal vassverk, som ikkje kan levera reint drikkevatn.

### **Utfallsosen i Røldalsvatnet ved Botnen:**

Her er det laga eit lukearrangement med søyler, og kapasiteten er for liten ved flaum.  
Det er montert eit arrangement for å heisa lukene i open stilling, men dette er ikkje godt nok  
Ved flaum må lukene fysisk fjernast for at dei ikkje skal hindra utløpet.  
Slik dette er laga er ein avhengig av kranbil for å få fjerna lukene.  
Søylene mellom lukene skaper også stor turbulens som dermed gir vesentleg reduksjon av kapasiteten.

### **Heile arrangementet må endrast slik at flaumkapasiteten blir stor nok.**

Det kan vera aktuelt med ein **tappetunell** i kombinasjon med ein **ventil for minstevassføring** for vatn i Brattlandselva.

RSK sine Kraftanlegg overfører vatn frå Suldal i to nivå.

Eit tunellsystem tilfører vatn til Votna magasinet (1020 moh) og eit anna tunellsystem til Valdalen / Røldal kraftstasjon (745 moh)

Dimensjonerande flaum til Røldalsvatnet er avhengig korleis heile systemet av magasin og overføringstunnellar blir handtert.

### **Overføring av flaum til Røldal frå vassdrag i Suldal bør ikkje skje!**

Manøvreringsreglementet for heile vassdraget må samordnast og ha innebygd nødvendig restriksjon i magasinfylling for å kunna hindra skadeflaum.

Med helsing for  
Røldal grunneigarlag

Kjømberget 18. oktober 2024

Olav S. Rabbe

Vedlegg:

- Hydro sin rapport etter flaumen i 2018
- Bilete frå flaumen i 2018 ved Ola Hårajuvet, Sondof Rabbe, Oddbjørn Lynghammar

# Røldal grunneigarlag

## Tilleggskommentar / innspel til sak med NVE referanse 202412819

Frå flaumen i 2018 ved Ola Hårajuvet:

De fleste husker nok flommen 14.oktober 2018. Da starta ikke regulanten lukeåpnining ved Botnen (Røldalsvatnet) før midt på dagen fredagen, når vatnet allerede var høgt. Andre regulanter i nærområdet hadde tappa i dager og vel så det for å være forberedt. Den gang var det mange i Røldal som var mer enn irritert...

Bildene under viser flomsituasjonen hos undertegnede (30/86) ved utløpet av Hårelva denne dagen (14.okt 20).



kl 10:46



kl 16



kl 17:45

Inne i Røldal såg det slik ut fra E134 kl 10:45 fra E134:

